



Eit absolutt høgdepunkt var stykket Share my Yoke med Thea Soltveit Taranger som solist på flügelhorn

Den årlege skulemusikkbasaren vart også i år ei svært kjekk oppleving. Mange hadde funne ut at dette var beste måten å tilbringa søndagsettermiddagen på, og det var fullt rundt borda i Aktivitetshuset då det toptrimma korpset sette an første tonen. På ein knapp halvannan time fekk publikum flott musikk, spenning og ei kaffiøkt med mykje godt!



Rosendal skulekorps/Uskedal skulemusikk er i god form før Hordablæsten.

Første post på programmet var skulekorpset si konsertavdeling. Fredag, lørdag og i dag hadde dei hatt seminar på programmet dei skal spela i konkurransen Hordablæsten om to veker. På seminaret hadde Jule S. Olsen og Christine Egeland vore instruktørar i tillegg til dei faste dirigentane Tor Skeie Olsen (Uskedal skulemusikk) og Nick Hughs (Rosendal skulekorps). I tillegg hadde korpsforeldre sytt for både taco, hamburgarar, bollar og anna godt som musikarane kunne kosa seg med.

- Dette er ein viktig del av seminaret, og har vore avgjerande for at musikarane har vore så fokuserte på oppgåvene i helga, sa Tor Skeie Olsen like før korpset skulle i elden. Han var veldig godt fornøgd med innsatsen til både musikarane og foreldra i helga.

- Vi har fått jobba kjempegodt og har fått gjort mykje, la han til. Korpset skal på scenen i Hordablæsten på søndagen, men alt dagen før skal to av musikarane, kornettisten Maren Grøtte og Nils Rainer Vågen på euphonium delta i solistkonkurranse. Det er flott at lovande musikarar hiv seg med i slike konkurransar.

Korpset hadde ei fin opning av konsertavdelinga med 1.sats av *Appalachian Mountain (Fok Song Suite)* av James Curnow. Den gode starten vart fulgt opp av det nydelege solostykket *Share my Yoke* (Joy Webb/Ivor Bosanko). Thea S. Taranger var solist på flügelhorn, og den oppgåva kom ho glimrande frå. Dette var nok konsertens høgdepunkt for underteikna sjølv om det også var skikkeleg føredrag, trøkk og presisjon i avslutningsnummeret, den gode marsjen *Slaidburn* av William Rimmer i eit arrangement av Matt Kingston. Ei flott konsertavdeling som viste at korpset er godt i rute til Hordablæsten om 14 dagar. Den var også eit bevis på at det tettare samarbeidet mellom Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk denne sesongen er ein suksess! Saman er dei eit svært godt skulekorps med god besetning!

Etter konserten var det klart for to omgangar med åresal. Mellom åreomgangane var det kaffiøkt med masse godsaker på kake- og dessertbordet. Basar er gøy, og særleg når vi vinn! Og her var det mange glade vinnarar! Det gevinstbordet var berre heilt ubeskriveleg! Monica Hermann og Haldis Åkra i styret i USM var også imponert og takksame overfor alle som hadde bidrege med gevinstar.

- Det er heilt fantastisk! Firma er positive, og bygdefolk og foreldre kjem med gevinstar. Nokre kjem med flotte handarbeidsgevinstar dei har laga utan at dei er spurde. Dette er veldig kjekt for oss som er i styret. Tusen takk til alle som har bidrege, seier dei to styresmedlemene.

Resultatet av den innsatsen og den flotte jobben som styret gjer, vart ei super ettermiddagsstund for oss som var der.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland